

## Driftsavtale

### Storslalåmløypa og Alphaløypa i Bavallen

#### Mellom

Tråstølen Ski AS som eigar

**og**

Voss Resort Fjellheisar AS som drivar

er det med dette inngått driftsavtale (Driftsavtalen) om drift av Storslalåmløypa og Alphaløypa i Bavallen.

#### **1. Bakgrunn for avtalen**

Voss herad står som festar til areal for Storslalåmløypa og Alphaløypa i Bavallen der Tråstølen Ski AS (TS) står som brukar på vegne av Voss Alpin.

TS har saman med Voss Resort Fjellheisar AS (VRF) gjort investeringar i Storslalåmløypa og Alphaløypa i form av grunninvesteringar, lys- og snøkanonanlegg (heretter kalla Anlegget). Anlegget er til kombinert bruk i VRF si kommersielle drift og i TS si idrettslege bruk.

Deler av investeringa vart gjennomført i 2009 og 2010 og bruk er regulert i leigekontrakt av 01. 10.2009 (Ljosavtalen), og i leigekontrakt av 31.12.2010 (Snøkanonavtalen). Avtalane er vedlagt denne avtale som Vedlegg 1 og 2.

I tillegg er det i 2020 investert kr 15 000 000 (eks mva) i grunnarbeid og i snøkanonanlegg i Storslalåmløype. Gjennomføring av utbygginga er regulert i avtale av same dato som denne Driftsavtale. Avtalen er vedlagt som Vedlegg 3.

Ved signering av Driftsavtalen fell pkt II om vederlag i Ljosavtalen og pkt III i Snøkanonavtalen bort. Totalt vederlag for leige av Anlegget skal etter dette regulerast av Driftsavtalen.

#### **2. Intensjon og føremål med Driftsavtalen:**

Føremålet med denne avtale er å avklare bruken av Anlegget og drift av dette.

#### **3. Vederlag for bruk av Anlegget.**

VRF skal etter avtalen betale totalt **kr 38 333 + mva** pr mnd (totalt kr 460 000 + mva pr år) for bruk av Anlegget.

Leigevederlaget skal indeksregulerast etter KPI, med basis pr juni 2020.

Leigevederlaget forfell til betaling pr 15. pr mnd etter påkrav (faktura).

#### **4. Bruk av Anlegget:**

VRF kan fritt nytta Anlegget til bruk for sine gjester både sommar og vinter til ski, vandring og sykkel. Anlegget kan ikkje nyttast til sykkel om vinteren.

TS kan etter avtale med VRF fritt nytta Anlegget til gjennomføring av renn og treningar.

Ved renn og trening er VRF innforstått med at Anlegget blir stengt for kommersiell bruk. TS skal melda frå i god tid om rennavvikling og pliktar kvart år å avklare treningsdagar i Anlegget. VRF pliktar å informera sine kundar om trening og renngjennomføring på si nettside.

#### **5. Opparbeiding, merking og vedlikehald av Anlegget**

VRF har ansvar for å fjerne skog, pas, drenering og vedlikehald av grøfter og å nytta beitepussar med jamne intervallar.

VRF har vidare ansvar for å preparere løypene og å produsera snø om vinteren. Det skal utarbeidast eigen avtale på vederlag for dette mellom TS og VRF.

#### **6. Tryggleik**

Partane har felles ansvar for å merka og sikra løypenettet etter eigen tryggleiksplan.

VRF skal stå for gjennomføring av skilting i anlegget.

Partane har felles ansvar for at aktiviteten til sine medlemmer og gjester er innanfor gjeldande lovgjeving/regulering.

VRF står ansvarleg for eigen tryggleiksplan og gjennomføring av risikoreducerande tiltak på sykkelstiane.

#### **7. Miljø**

Begge partar pliktar å rydde etter seg etter endt gjennomføring av arrangement og aktivitetar. VRF tek hovudansvaret for patruljering for å sjå til at det ikkje ligg igjen søppel etter bruk av anlegget.

Partane har felles ansvar for å planlegge miljøstasjonar. VRF tek ansvaret for plassering og innhenting/sortering.

## **8. Varigheit, fornying og opphøyr**

Denne avtale skal gjelda frå og med 2020 til og med 2060.

## **9. Tvistar**

Tvist mellom partane skal fortrinnsvis løysast ved forhandlingar. Dersom dette ikkje fører fram skal tvisten løysast for dei alminnelege domstolane med Bergen tingrett som rett verneeting.

## **10. Avtaleeksemplar - tinglysing**

Denne avtale i to eksemplar, med eitt til kvar av partane.

Voss, den .....

.....  
Tråstølen Ski AS

.....  
Voss Resort Fjellheisar AS